

## Tabell 3-fk

### Anslag på frie inntekter i 2013. Fylkeskommunane

Tabell 3 viser anslag på vekst i frie inntekter for fylkeskommunane frå 2012 til 2013. Som frie inntekter reknast her inntektsskatt (inkl. naturressursskatt) og rammetilskot. Tabellen viser veksten etter anslag på rekneskap 2012. Alle tala er i nominelle kroner. Prisveksten i kommunesektoren i 2012-2013 er anslått til 3,3 pst.

Skatteinntektene, inkl. skatteutjamning, er den storleiken det er knytt mest uvisse til i veksten. Skatteinntektene blir anslått ut ifrå det samla skatteanslaget 2012 og 2013 for fylkeskommunane, og fylkeskommunane sine skatteinntekter i 2011. For skatt på inntekt og formue tek ein for kvar fylkeskommune utgangspunkt i skatt per innbyggjar i 2011, framskrive med innbyggjartalet i 2012. Ut ifrå skatt 2011 framskrive med innbyggjartal 2012, blir det rekna ut kva del som kvar fylkeskommune får av berekna samla skatt. Den delen blir nytta til å fordele samla skatteanslag på inntekt og formue mellom fylkeskommunane både for 2012 og 2013. I skatteanslaget er anslag på skatteutjamning inkludert.

I berekninga blir naturressursskatten halde konstant, dvs. på 2011-nivå (inntektsåret 2010).

Tala for rammetilskot 2012 er henta frå nivå ved revidert nasjonalbudsjett 2012. Rammetilskotet for 2013 er vist i tabell 1-fk.

Sidan ein her antar at skatteinntektene berre varierar med innbyggjartalet, vil avvik frå veksten på landsbasis berre skuldast endringar i rammetilskotet frå år til år.

For å gjere tala samanliknbare, noko som er ein føresetnad for å kunne berekne veksten, blir frie inntekter for 2012 korrigererte for oppgåveendringar, regelendringar og innlemmingar av øyremerka tilskot i 2013.

Veksten i frie inntekter 2012 – 2013 blir berekna frå anslag på rekneskap for 2012. Ny informasjon om skatteinngangen dei siste månadene trekkjer i retning av høgare vekst i skatteinntektene til kommunesektoren i 2012 enn det som er lagt til grunn ved framlegginga av revidert nasjonalbudsjett 2012. Skatteanslaget for fylkeskommunane for 2012 er oppjustert med 470 mill. kroner samanlikna med nivået i revidert nasjonalbudsjett. Fylkeskommunane får behalde dei ekstra skatteinntektene i 2012. Skatteanslaget for 2013 er 26,370 mrd. kroner. Inntektsveksten frå 2012 til 2013, anslag rekneskap, er nominelt 3,9 prosent. Inntektsveksten rekna frå anslag revidert nasjonalbudsjett 2012 er 4,8 prosent.

100 mill. kroner i ufordelt skjønn i 2013 er ikkje inkludert i vekstberekninga for kvar fylkeskommune, men i landssummen.

### Kolonne 1 – Anslag på frie inntekter i 2012

Kolonne 1 viser frie inntekter etter anslag på rekneskap for 2012. Skatteinntektene til fylkeskommunane er framskrivne i samsvar med skatteanslaget for 2012 som ligg i nasjonalbudsjettet

for 2013, med ein lik vekst for alle fylkeskommunane. Samanlikna med skatteanslaget i revidert nasjonalbudsjett 2012 medfører dette ei oppjustering på 470 mill. kroner.

### **Kolonne 2 – Anslag på oppgåvekorrigerede frie inntekter i 2012**

Inntektene i kolonne 2 er anslag på rekneskap korrigert for oppgåveendringar, regelendringar og innlemming av øyremerkte tilskot. Det er tatt utgangspunkt i det same anslaget som i kolonne 1. Oppgåveendringane det er korrigerede for er nærare omtalt i tabellane B-flk og C-flk.

### **Kolonne 3 – Anslag på frie inntekter i 2013**

Kolonne 3 viser anslag på frie inntekter i 2013. Rammetilskotet til fylkeskommunane, eksklusive skatteutjamninga, er henta frå kolonne 4 i tabell 1-flk. Ved berekninga av anslag på skatteinntektene til fylkeskommunane har departementet tatt utgangspunkt i fylkeskommunane sine skatteinntekter i 2011. Desse er framskrive i samsvar med befolkningsutvikling og skatteanslaget for 2012 og 2013 som ligg inne i nasjonalbudsjettet for 2013. Skatteanslaget for den enkelte fylkeskommune er deretter lagt til grunn for berekninga av skatteutjamninga.

### **Kolonne 4 – Anslag på korrigert vekst frå 2012 til 2013**

Kolonne 4 viser anslag på oppgåvekorrigert vekst i frie inntekter frå anslag på rekneskap 2012 til 2013 for den enkelte fylkeskommune (kolonne 3 – kolonne 2).

### **Kolonne 5 – Anslag på korrigert vekst i pst. frå 2012 til 2013**

Kolonne 5 viser prosentvis oppgåvekorrigert vekst frå anslag rekneskap 2012 til 2013.